



Rogaland

Referat frå styremøte 19. september 2023

Stad: Kontoret

Tid: 17 – 21

Disse møtte: Marianne Jøsang, Åse-Berit Fidjeland, Astrid Skretting, Inga Lill Håkull, Gro Mabel Anda, Margrete Tytlandsvik, Are Hauge Braaten som sekretær

Forfall: Aslaug Sandanger, Alice Tengesdal, Silje Bekkeheien (BL) og Roar Nedrebø (RBU).

Sakliste:

Sak 01/2023 Godkjenning av innkalling og sakliste. Godkjende, legg til rullopp

Sak 02/2023 Gjennomgang av godkjent referat frå styremøte (førre) Godkjende, legg til årsmøtedatoar frå Inga Lill
Skjold – 18 oktober
Vats – 23 november

Sak 03/2023 Referatsaker:

- **Marianne:**
- **Åse-Berit:**
- **Inga Lill:** Samling i Skjold
- **Gro Mabel:**
- **Astrid:**
- **Margrete:**
- **Aslaug:**
- **Alice:**
- **RB:**
- **RBU:**
- **Studieforbundet:**

Sak 04/2023 Økonomiske føringar

Frå innkallinga: Orientering om økonomien pdd. Repeterande sak.

Frå styremøte: Lite nytt. Fakturagrunnlag for annonser er klart. Ber om at alle er a jour med reiserekningar slik at det vert lettare for rekneskapsførar ved årsslutt.

Are skal slutte, og nokon må handtere kontoen i SR-Bank.

Vedtak: Tatt til orientering. Gro Mabel Anda er rekneskapsførar for Rogaland BygdekvinneLag og får tildelegert fullmakt til å handsame lagets konto.

Sak 05/2023 Oppfølging av lokallaga

Frå innkallinga: Årsmøtedatoar i lokallaga + fordeling. Hugs å notera seg nye styremedlemer. Dette skal inn både på nettsida og i årsmeldinga.

Frå styremøtet: Me drøfta fordelingar av lokallagsårsmøte. Lokallaga og fylkesstyremedlemmane har sjølv kontroll på avtalane, så me fordelte ikkje lokallagsårsmøter.

Det vert rapportert om god medlemsutvikling i Sirdal Bk.

Vedtak: Tatt til orientering.

Sak 06/2023 Bygdekvinne nyt(t)er maten

Frå innkallinga: Info frå AU i BNM sitt møte denne dagen.

Frå styremøtet: AU orienterte om aktivitetane i prosjektet. Sjå eige referat.

Vedtak: Tatt til orientering.

Sak 07/2023 Arbeidsplanen

Frå styremøtet: Me såg kjapt over korleis me ligg i lendet.

Vedtak: Tatt til orientering.

Sak 08/2023 Nettstad og kommunikasjon

Frå styremøtet: Det har vore arbeida med nettstaden, og Aslaug har gjort ein super jobb. Innspel til sakar mottakas med takk.

Om ein legg til Rogaland under lag/stikkord når ein lagar artikkel, kjem artikkelen automatisk opp på RBK si nettside.

Oppmodar lokallaga til å nytte nettstaden i samband med Facebook-konto. Då fungerer nettstaden som eitt arkiv for aktivitetar, og gjer at laget eig sin kommunikasjon. Man kan skrive ein sak på nettstaden (f.eks. invitasjon til eitt møte) og leggje ut lenkja til invitasjonen på Facebooksida.

Vedtak: Tatt til orientering.

Sak 24b Høyring valnemnd

Frå innkallinga: Utsett frå førre styremøte. Høyringa på valnemnda skal sendast til lokallaga, med frist på innsendte svar.

Frå styremøtet: Høyringsbrevet vart flikka på under møtet.

Vedtak: Høyringssvara må sendast til rogaland.bygdekvinnelag@gmail.com innan 15. november.

Sak 26c Inspirasjonsseminar

Frå innkallinga: Forslag på fordeling av utgifter til inspirasjonsseminaret. Fristen for å melde seg på til NBK er 5. oktober. Leiar har haldt av 8 plassar.

Frå styremøtet: To i styret skal halde innlegg frå prosjektet og får dekkja kursavgifta derifrå.

Vedtak: Styrets medlemmar får dekkja kursutgiftene men ikkje reisekostnader. Styrets medlemmar som vil delta må melde seg på sjølv og orientere fylkesleiar.

Sak 27b Arbeidsfordeling årsmøte

Frå styremøtet: Me diskuterte erfaringane frå førre årsmøte og kva som bør bli betre med kommunikasjon mellom lokallaga og fylkeslaget i planlegginga av årsmøte. Are høyrer med fleire hotell i Sandnes-Bryne-området. Gjesdal er vertslag.

Vedtak: Marianne er kontaktperson med Gjesdal om lokallagsårsmøtet. Retningslinjene er kort redigert.

Sak 28 Lokallagsårsmøte

Frå innkallinga: Laga "smørbrøddliste" til å ha med som informasjon i lokallagsårsmøta.

Frå styremøtet:

Liste til tema:

- Oppmode lokallaga til bidrege til bygdeløftet saman led Bondelaget og Bygdeungdomslaget.
- Aktuelle sakar frå NBK og RBK.
- Ein runde med tilbakemeldingar på kva medlemmane ynskjer frå RBK/NBK.
- Ein runde i årsmøte på kva medlemmane ynskjer av aktivitetar i lokallaget.
- Rogalandsgarden i Kamerun

Vedtak: tatt til orientering.

Innkomne skriv og meldingar

- Frå innkallinga: Are har sagt opp si stilling i Rogaland Bondelag og siste arbeidsdag er 30. november.

Frå styremøtet: styret er oppmoda til å ta kontakt med Rogaland Bondelag for korleis framtidig samarbeid skal sjå ut med lån av møterom og andre tenester.

Vedtak: Marianne følger opp kontakten med Rogaland Bondelag

- Sandnes Bygdekvinnelag har 100-jubileum i 2025 og lokallaget har starta arbeidet med å planleggje markeringa

Eventuelt

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	E-post:	Bankgiro:	Foretaksnr:
Postboks 278 Sentrum	Felleskjøpet RA	51887270	rogaland.nbk@bygdekvinnelaget.no	3201.0502275	975658848
2002 Stavanger	Sandvikvn 21	Telefaks:			
		51880280			

- Minner om at det ikkje er lokallagssamling pga. Norges Bygdekvinnelags inspirasjonssamling i Stavanger, og me oppmodar til å delta på samlinga.
- Rulopp: Arbeidsgruppa har utferda eitt forslag. Forslaget vart diskutert og arbeidsgruppa arbeidar vidare.